

# DET NORSKE TEATRET

Tango 353





*Restaurant*

# FRASCATI


*med det Franske Rôtisserie*

*Le Rendez-Vous de Gourmets*

*Vis-à-vis*

*Nationaltheatret*

C 15g 149022  
En forfriskende pause



**DRIKK**

**Coca-Cola**

REG. VAREMERKE

**ISKALD**

Autorisert forperer:

Jarlsberg Mineralvann A/S

# **XPELAIR** *viften*

FRA **WOODS**



**DEN SUVERENE VIFTE**  
*for kjøkken, kontorer og oppholdsrom*

Monteres i vindu eller vegg

**ENEIMPORTØR:**

**WOODS OF COLCHESTER SCANDINAVIA A/S**

Sandakerveien 50 b - Oslo

# T A N G O

Skodespel i 3 akter  
av Slawomir Mrozek  
Til norsk ved Ivar Eskeland

Regi: BARTHOLD HALLE  
Dekor og kostyme: GUY KROHG  
Fotodekor: HENRIK ØRSTED

SESONGEN 1966/67

*Billetter får De òg kjøpt i Narvesens Kiosker*



**Walter Jacobsen a/s**  
MODELLKONFEKSJON

Ø. Slottsgt. 27. Tlf. 331368  
Forretningen med det gode utvalg  
i kåper, kjoler og drakter.



*Vi går til...*

Kåpe-

NILSEN

Øvre Slottsgt. 8 — over Eitzen

*Spesialforretningen har utvalget*

Frå programmet til Tango-framsyninga i  
Bydgozcz.

## SLAWOMIR MROZEK

*sei om seg sjølv:*

Eg vart fødd så tidleg som før krig-  
gen, fordi ein må ha utgangspunkt  
i eitt eller anna. Utdaninga eg  
fekk, var så nokolunde. Eg har  
levd ein stor del av livet mitt i  
Krakow og nær Piaskowa Skala.  
Eg er polakk. Ingenting å gjera  
med det. Som menneske er eg full-  
komen fri, takka vere den opp-  
daging at fridom er å vita kva som  
er naudsynt — og på andre sida å  
vita kva som er tvang. Derfor pas-  
sar eg meg vel for mental blackout,  
så eg skal sleppe å hamne i noko  
slags fangenskap.

*Slawomir Mrozek*







## FØR TEPPET GÅR OPP FOR „TANGO”

I dei seinare år har Polen meir og meir blitt eit sentralt land i europeisk teaterliv. Den aukande kunstnarlege fridom i dette austblokklandet førte med seg ein rein eksplosjon av spanande og impulsgevande aktivitet på mange område. Polske filmskaparar stod snart mellom dei fremste i verda, det gjekk gjetord om polsk teaterliv; særleg verka *scenebiletet* slående nytt og fantasieggjande, teatermålarkunsten som polakkane kallar scenografi, var nesten blitt ein sjølvstendig kunstart, iblant så frapperande at spel og regi kom i skuggen. Men i samspel med dei fremste polske teaterfolk, slik som Axer, Dejmek og Tomaszewski, vart *scenebiletet* i all si fascinerande uttrykkskraft integrert i eit totalteater av stor verknad. Og kanskje som reaksjon på scenografisk teater voks Grotowskis teaterlaboratorium fram. Der var det nakne teater reindyrka: menneskekroppen og menneskerøysta er dei einaste verkemiddel.

Framhald side 9.

# SYN OG SEGN

**Det største allmenne  
tidsskriftet i landet**

STADIG I FRAMGANG  
OPPLAG I DAG:  
**16 000**

10 hefte i året à 64 sider. Års-  
pengar kr. 30,00, for studentar  
og skoleelevar kr. 22,00 ved  
tinging direkte til forlaget.  
10-årstinging kr. 250,00. Tids-  
skriftet kan tingast for kalender-  
året eller skoleåret. Postgiro  
8702, bankgiro 1710.06.00757.  
Laussal kr. 3,50.

**Det Norske  
Samlaget**

Rosenkrantz' gate 3, Oslo 1.  
Tlf. 33 26 70.

LIVSTRYGDING – PENSJONSTRYGDING

## **GJENSIDIGE**

*Eldste livstrygdelaget i Noreg*

Hovudkontor: Karl Johans gt. 16, Oslo. Telefon 42 18 30

Eit så fasettert og mangsidig teaterliv må også kalle fram den dramatiske diktaren. Dramatikaren er føresetnaden for teatret. Utan *han*, anten han no lever i dag eller har vore død i mange hundre år, ville teatret vore eit skal utan kjerne.

I Polen veks det fram ein moderne dramatik. Fremste eksponenten er truleg MROZEK, no spela over heile Europa. Han har tatt mot impulsar frå det absurde drama i vest, men byggjer samstundes på polske tradisjonar. «Tango» har ein atmosfære og ein problematikk som stadfester stykket til Warszawa. Men det er ein atmosfære og ein problematikk som finn gjenklang i by etter by i Europa av 1966. Så fjernt Polen sidan krigen har vore oss på grunn av politiske grenseliner, så nær vår eigen kvardag ligg det oss likevel. Gjennom all ulikskap slår vår felles europeiske bakgrunn inn, og vår felles lagnad i atomalderen. Vi er grannar og nærskylde, trass i alt. Kunsten viser oss *det*.

Tormod Skagestad



TORDIS MAURSTAD

Forfatteren

## SLAWOMIR MROZEK

Slawomir Mrozek er fødd i 1930 i nærleiken av Krakow. Han er son til ein postfunksjonær. Sin første jobb hadde han som journalist og teikneserieforfattar i ei Krakow-avis. Medan han var journalist, tok han òg til å skrive humoristiske og satiriske noveller, og han slo igjennom som forfattar med novellesamlinga «Elefanten» i 1957. Mrozek's første teaterstykke var einaktaren «Politi, Politi», som er framført i Radioteatret her i landet. Nationaltheatret har spela «På åpent hav», og i Fjernsynsteatret har vi sett «Karl».

«Tango» er Mrozek's første store skodespel, og det blir no spela Europa rundt. Mrozek bur i Italia, men reknar seg ikkje som emigrant eller flyktning.

Vi har fått vita litt om polsk etterkrigskunst på utstillingar og gjennom den kontakten Det Norske Teatret har knytt med pantomime-



BJARNE ANDERSEN

## RESTAURANT d' ANGLETERRE

vis-à-vis Østbanen finner De oss i 2. etasje

*Velsmakende smørbrød - God kaffe - Rimelige småretter*

*Middag - Alt fra 1. kl. kjøkken*

Om aftenen underholdning, dans hver tirsdag, onsdag  
og torsdag

## BØNDERNES BANK <sup>AS</sup>

EGERTORGET - OSLO

**hjelper Dem gjerne med alle bankforretninger  
i Norge og i utlandet**

**ER DE INTERESSERT i engelske antikviteter?**

HOS MEG finner De koselige julepresanger

*i engelsk porselen - plett - kobber - messing m. m.*

## ANTIKKHULEN

DAAESGT. 12 — TLF. 44 29 23 - kl. 11—15

THAU



**- et godt navn i 52 land**

spesialisten Henryk Tomaszewski og teatermålarane hans. Vi har lært å kjenne eit frodig, fabulerande, men på mange måtar framandt formspråk. Det kjem sjølvstøtt av at Polen har heilt andre føresetnader enn vi, historisk og politisk. Men samtidig har kanskje Polens uhyggelege historie ført til at deira situasjon har vorte Europas situasjon – i komprimert form. Dette har t. d. gjort sitt til at Jan Kotts bok om Shakespeare vart motteken med opne armar i England. Her var ein mann som kunne lesa Shakespeare med vår tids augo, nettopp med bakgrunn i polske røymsler.

Og det same kan vera ein grunn til at «Tango» blir spela overalt i Vesten, trass i at forfattaren visstnok meinte stykket var ei reint polsk sak. Polens situasjon representerer ein europeisk situasjon med særleg stor intensitet.

Mrozek høyrer til dei diktarane som vel har eit beiskt syn på denne situasjonen, men som ser humoristisk på sakene. Stundom gjev han til kjenne ein kald, paradoksal humor. Han set tilvande omgrep beint opp ned, og med nåde-

*Framhald side 21.*



*Instruktøren*

## BARTHOLD HALLE

Barthold Halle har på få år, ung som han er, arbeidt seg fram i aller fremste rekkja blant norske og nordiske instruktørar, og står dermed sentralt i biletet av dagens norske teaterliv. Det Norske Teatret har reint særskilde grunnar til å vera han takksam. Her har han skapt ei heil lita perlerad av fine framsyningar — dei femner frå «Medea» til «Ai, ai, for ein artig krig!» og «Trost i taklampa». Andre oppsetjingar vi minnest med glede, er «Haugtussa», «Dans! ropte fela», «Historia om Vasco» og «Lykke-Pers reise». For Riksteatret har han mellom anna sett opp «Peer Gynt», likeins i Göteborg. Om våren er Barthold Halle jamt å finne i Bergen som gjesteinstruk-



tør ved Festspillene. Med det første skal han setja opp «Ein midsommernattsdraum» i Göteborg.

Ein kjenner seg trygg når det er Barthold Halle som har teke på seg ei regi-oppgåve. Han har solide kunnskapar både om eldre og moderne teater; han har djup menneskekunnskap – og han veit å bruke dessa kunnskapane når han er i arbeid med iscenesettingane sine. Mellom anna difor er det òg ei glede for skodespelarane å samarbeide med han. Frå 1. januar 1967 er Barthold Halle å finne på Oslo Nye Teater, som den nye teatersjefen, Toralv Maurstads nærmaste medarbeidar.

---



ASTRID SOMMER

# T A N G O

Skodespel i 3 akter  
av Slawomir Mrozek  
Til norsk ved Ivar Eskeland

Regi: BARTHOLD HALLE  
Dekor og kostyme: GUY KROHG  
Fotodekor: HENRIK ØRSTED  
Inspisient: KRZYSZTOF SELIGA

Lengste pause etter 2. akt

Bestemor Eugenia  
ASTRID SOMMER

Edek  
LASSE KOLSTAD

Bestefar Eugen  
PER THEODOR HAUGEN

Artur  
FINN KVALEM

Eleonore, mor hans  
TORDIS MAURSTAD

Stomil, far hans  
BJARNE ANDERSEN

Ala, syskenbarn  
ULRIKKE GREVE

Dekorasjonen er utført av  
Snorre Tindberg  
og kostyma av  
Randi Skahjem



ULRIKKE GREVE

*Teatermålareren*

## GUY KROHG

Som kjent er Guy Krohg norsk-fransk, oppvaksen og busett både i Noreg og i Paris. For nokre år sidan såg franske kunstnarvener på han som eit naivt nordisk oppkome, og blant kolleger her heime var han den som førte med seg eit velkome innslag av esprit og raffinement til norsk målarkunst og teaterdekorasjon. For dei som arbeider saman med han, har han alltid vore gjevande og medrivande, levande og innfallsrik – alltid open og ung, jamvel om han

*Framhald side 25.*



GUY KROHG

## **FREMKALLING - KOPIERING**

Den beste service, hurtigste levering til rimeligste priser  
får De når De sender Deres filmer til

**DØHLENS FOTOLABORATORIUM**  
**STRØMMEN**

*Spesiallaboratorium for sort/hvitt og farge amatørfilm*  
*Leveringstider 1—3 dager*

## *En trykksak*

som De og Deres forbindelse vil like, får De fra meg.

**RAGNAR BRYDE**

*Aksidens-, Bok- og Rotasjonstrykkeri*  
Kr. Augustsgt. 19. — Telefon 202049

*Skal De ha slipt gulvene? Henvend Dem til*

**B. Bogens Parkettsliperi**

Chr. Michelsensgt. 21 — Telefon 37 60 26

**Førsteklasses arbeide garanteres**

*Godt utvalg i dame- og herreskotøy*

**Valkyrien Skotøymagasin A.s**

Valkyriegt. 3 - Oslo

Telefon 463464



## Diamantringer

er vår spesialitet

*Enstensringer fra kr. 200,—.*

*Trestensringer fra kr. 500,—.*

Rosettringer og modellringer  
fra eget verksted.

*Løse diamanter på lager til  
bestillings-, forandrings- og  
reparasjonsarbeide.*

Vi fører toppkvalitetene *Blue  
white pure* og *finest white  
pure*.

*Skriftlig garanti for  
størrelse, farge og renhet  
medfølger hver ring.*

Hvis De skal kjøpe diamanter,  
benytt Dem av vår 50  
års erfaring som spesialister.

Stort utvalg, rimelige priser.

JUVELER — GULLSMED

### H. A. NEERBYE

Youngstorget 1, tlf. 33 32 35

Framhald frå side 13.

laus logikk forfølger han så det som hender. Frå dette synspunktet viser «Tango» ei utvikling. Det er ikkje berre forfattarens virtuose manipulering som får personane til å sprela. Dei lever sitt liv og sprelar etter sine eigne lover, og dei har sin skapars medkjensle.

Den sjølvsgade omgangen med filosofiske problemstillingar og omgrep viser oss at vi i så måte står i periferien i Europa. Elles skulle ikkje stykket verke fjernt eller uforståeleg for oss. Det kan sikkert tolkast politisk, vi kan sjå ei kommunistisk utvikling i det. Men vi kan òg sjå – som Jan Kott gjer det hos Shakespeare – ein evig historie-mekanisme som tek seg opp att overalt, i alle land. Eller vi kan sjå ein freistnad på å skildre korleis Hamlet ville reagert i dag. Det er opp til dykk, vørde tilskodarar.

Barthold Halle



## PÅ SPELPLANEN

Første premiere på nyåret blir «BLUES FOR MR. CHARLIE» av James Baldwin. Det er ei sterk skildring av livet i ein liten amerikansk sørstatby, der farlege rase-motsetnader kokar under overflata – ei spaning som løyser seg ut i snikmord på den unge negerguten Richard. Baldwin kjenner dette miljøet av eiga bitter røynsle, – det er som om han skriv med blod og ikkje med blekk. Pål Skjønberg set i scene, og i dei største rollene får vi sjå Monna Tandberg, Elisabeth Bang, Dagmar Myhrvold, Tom Tellefsen, Øyvind Øyen, Jack Fjeldstad og Odd Furøy. Stykket er omsett av Ivar Eskeland.

Først eller midt i februar får «HAMLET» premiere som andre Shakespeare-framsyninga denne sesongen, med unge Svein Erik Brodal som Hamlet. Arne Walentin står for scenebilete og kostyme, Tormod Skagestad set i scene. Omsetjinga til nynorsk er ved Hartvig Kiran.



Etter «HAMLET» følger «VINDEN i SASSAFRASSKOGEN» av franskmannen René de Obaldia, ein parodi på amerikanske western-filmar. Handlinga går føre seg i pionéren Rockefeller's blokkhus, som er omringa av fiendslege indianarar. Kirsten Sørliet set i scene, omsetjinga er ved Halldis Moren Vesaas.


### NY NORSK DRAMATIKK

Det Norske Teatret har kjøpt Finn Carlings nye skodespel «GITRENE» og Marie Takvams «IDUN». Begge desse skodespela skal etter planen koma opp utpå vinteren eller til hausten og blir presenterte i det tidlegare «Torsdagsteatret», no omdøpt til «Uteatret».

### BARNETEATRET

«TAREMAREBY» har vorte ein stor suksess, og det har gått lenger enn opphavleg tenkt, slik at neste barnestykke, «KARAMELLAPPARATET» blir liggjande på is til jul.





LIVSTRYKDELAGET  
**ANDVAKE**  
MØLLERGT. 16. - OSLO 1



### **Kos Dem i vinterkveldene**

Pynt opp med vakre broderier. De bringer  
naturens farger inn i hjemmet og blir beundret av alle.

*Begynn med brodering, en kongelig hobby*

**RANDI MANGEN & CO.**

**SPECIALFORRETNING I BRODERIER**

Bogstadveien 46 - Telefon 60 50 59

*Spesialisten i*

*Stempel, merkeverktøy og stempingsmaskiner,  
elektriske og manuelle.*

*John* **KROGSTIE** A/S

FABRIKK: GRØNLANDSL. 37 — OSLO 1 — TELEFON 33 73 08 - 33 58 31

KONTOR: STORGATEN 9 — OSLO 1 — TELEFON 67 63 73 - 67 63 74

**GRAVØR - SKILTFABRIKK - STEMPELFABRIKK - ETIKETTER**

### **Spesialforretning i TV - radio**

Vi fører alle anerkjente merker, og vårt store utvalg gjør  
det lettere å finne apparater som passer

**GOD SERVICE! Rimelig avbetaling inntil 24 måneder**

**NORSK TELEVISJON OG RADIO A/S**

**Youngs gate 11, inng. Torggt., Oslo - Telefon 42 07 37**

Filial: Lambertseter forretningsenter — Tlf. 28 03 12



er fødd i 1917. Han har ei arbeidskraft som kan skremme andre. Denne sesongen har han laga «Biedermann og brannstifterne» for Riksteatret og «Marat» for National. Han skal gjera «Don Carlos» for Fjernsynet og «Tosca» for Operaen og «The Recruiting Officer» for Det Kgl. Theater i København. Og få dager før vår premiere på «Tango» hadde han separatutstilling av emaljemålarstykkje i London. Men likevel er Guy Krohg kjend for at han alltid er til stades i den avgjerande augneblinken. Han heng på til siste stund, alltid viljug til å forandre og forbetre så lenge det finst råd. Vi kjenner det alltid slik at den nærverande oppgåva er den viktigaste.

**S. BRUUN A/S**

Nils Juelsgt. 27

Telefon 440384

*Lamper — Skjermer  
Elektriske apparater m. m.*

*HENRIK BØHM'S*

**Paraply- og regntøyforretning**

**Torggt. 23. Tlf. 42 16 87**

(vis à vis Ferdinand Larsen A/S)

*Gamle og nye kunder ønskes velkommen*

**for DEM som  
foretrekker  
furumøbler ...**

**\*PeiseStua\***

**J. ERIKSEN A/S FILIAL**

**Bernt Ankers gate 17 (hj. Møllergt.) — Tlf. 41 64 22**

**GODE PARKERINGSFORHOLD**

*Personalet på stipendtur*

## UNG VITALITET

Att frå England, om ikkje att-  
lenges; fylt opp til hårrøtene med  
teateropplevingar: kven andre enn  
*Kvalem, Finn*, stipendiat – uttrøyt-  
teleg London-entusiast og sjølv  
flittig instruktør i moderne engelsk  
scenediktning. Det spørst om no-  
kon har hatt meir att personleg av  
streiken enn han.

Tre veker var han der, budde hos  
familien til Rikki Septimus; då  
han fór, fór han med etter måten  
velfylte lommer med ymse stipend,  
m. a. frå Oslo Fylkeslag, og eitt  
som han hadde ruga over heilt  
sidan Norges Husmorforbund gav  
han det på 50-årsjubelfesten for  
Det Norske i 1963! Det frå snille  
Fylkeslaget var like gammalt . . .  
(Kvalem er knapt som folk flest).  
No er dei iallfall oppbrukte.

— Reint bortsett frå at London er  
ein av dei artigaste storbyar . . .

— . . . ha! med smau og skit og  
sure typar og det heile . . .



FINN KVALEM som OSVALD  
i "GENGANGERE"

Tegn Deres livsforsikring i

**GLITNE**

DET er virkelig livskunst

LYTT TIL

*Norsk folkemusikk*

innspilt på grammofonplater av våre beste spelemenn på forskjellige instrumenter, — samt folketoner i levende tradisjon framført av kjente bygdesangere.

Utgitt på



grammofon-  
plater

I samarbeid med Norsk Rikskringkasting.

Til salgs hos musikkhandlerne.

*Moderne damer*

foretrekker raffinerte klær. Både ung og gammel vil hos oss finne et godt utvalg i

*Kjoler - strømper - undertøy etc.*

Kle dem riktig — det er viktig!

**HELNOR** Rusetøkkvn. 50 (Cort Adlers pl.) Oslo. Tlf. 41 14 06

— Kvalem att! Dette var i september, og elles er London-mennesket eit elskeleg eitt, slett ikkje stivt og atterhalde og reservert. Men som sagt, om eg må få lov å halde fram: Det er nett no ein av dei likaste av teaterbyar med. Her er ein vitne til ein mektig oppsving i moderne nasjonal dramatik. Ein ny generasjon har sloppet til, ein ungdom som fører inn på scenen den tonen som høyrer vår tid til.

— «Arbeidardiktarar»?

— Dei brøytte vegen. Sidan kom ei heil fylking etter, med sine skodespel frå dagsens England — og med dagsens engelske tone.

— Er dét noko nytt, til kvar tid?

— Måten det blir gjort på. *Den* løyser ut ein fantastisk vitalitet, som òg smittar over på klassiske oppsetjingar: dristigare i tonen blir dei, djervare og — ja — meir vitale, dei òg.

På det engelske Nasjonalteatret fekk eg både dei største og fleste kveldane: ti ulike stykke på repertoaret såg eg — det ellefte, «Othello», var det einaste eg ikkje fekk med. Men det har vi *her*.

— Statsstønad har Nasjonalteatret?



Stedet med intim stemning  
og særpreg.

Pløensgt. 4 — Tlf. 33 73 05.

Hvorfor  
CAMUS



Edel cognac fra tradisjons-  
rike Camus.

Generasjoners erfaring,  
omhyggelig pleie av cognacen  
og raffinert foredling gir den  
rike bouquet som kjennetegner  
den utsøkte cognac.  
Camus for kresne skjønnere.

**CAMUS**  
"LA GRANDE MARQUE"  
COGNAC

## Eugenie Støttums Blomsterforretning

Karl Johans gate 8 — Telefon 42 24 22

Medlem av Norsk Blomstertelegraf

Alt i Dekorasjoner, Buketter og Kranser



— Ja. Det var elles påtakeleg skilnad mellom dét og det kommersielle West End-teatret. Ikkje så at eg meiner statsstønaden løyser ut noko nytt i kunsten, beinveges. Men det gjev andre arbeidsvilkår som fører til at teatret kan setja seg andre og meir ambisiøse mål. Kunstnarane på dei statsstødde scenane vart tekne meir alvorleg, i god meining. Her kan dei m. a. satse fullt på ensemble, og gjer det. Med stort resultat.

Nemne vil eg òg The English Stage Company. Det heile der byrja med Osborne. Det er på dessa teatra ein kan ta vare på kontinuiteten. Og gjer det! Det er ikkje uviktig. I engelsk teater i det heile spring kanskje den reint fysiske vitaliteten aller mest i augo – stundom kan det nærme seg det akrobatiske.

— Teater utanfor teatret?

— Beatniks frå India ei sein nattestund, eller var det kanskje om morgonen tidleg. Det kan bli alt ettersom. Iallfall:

Jenter med alt indisk tilhøyrende, sari med heile beatnik-tonen sat dei vagla kring ei fontene. Som eit fugleberg var det!

— Neste ferd?

— Tyskland. Hamburg. Deutsches Schauspielhaus. Skal få sitja hos og lære når Oscar Fritz Schuh instruerer.

— Når?

— Veit ikkje.

— Tek De sikte på neste streik?

— Uff da.

Vi skuldar vel Finn Kvalem orsaking for at vi plasserer eit foto av hans Osvald i Stockholm og ikkje plasserer han blant indiske beatnikjenter på Londons nattlege fugleberg.

Han toler det. For om denne Osvald var det m. a. Ingmar Bergman lét falle alt anna enn ublide ord. Dette har vi frå anna kjelde. Dette ville snaut Finn Kvalem ha tolt at vi nemnde. Om han i det heile har høyrte kva Bergman sa.

IE

## OSLO NYE TEATER

### «ALLE ELSKER OPAL»

Lystspill av John Patrick  
Regi: Jon Lennart Mjøen

Barneteatret  
i Folketeaterbygningen:

### «ONKEL TOM»

Dramatisert av Sverre Gran  
Regi og koreografi: Guri Ludt

Dukketeatret  
i Bymuseet på Frogner:

### «DEN FORVANDLEDE BRUDGOM»

av Ludvig Holberg  
Regi: Guri Ludt

## NATIONALTHEATRET

Hovedscenen:

### «BRAND»

av Henrik Ibsen  
Dekorasjoner: Dag Frogner  
Regi: Barthold Halle

### «GLASSMENASJERIET»

av Tennessee Williams  
Dekorasjoner: Chr. Stenersen  
Regi: Gerda Ring

### «VI SNAKKET OM ROSER»

av Frank Gilroy  
Dekorasjoner: Per Schwab  
Regi: Toralv Maurstad

### «ANNE PEDERSDOTTER»

av H. Wiers-Jenssen  
Dekorasjoner: Chr. Stenersen  
Regi: Knut Hergel

Juleforestillingen:

### «REISEN TIL JULESTJERNEN»

av Sverre Brandt  
Regi: Wilfred Breistrand

## DEN NORSKE OPERA

Ballettaften:

«Sylfidene», «Apollon Musagète»,  
«Napoli» (3. akt)

Koreografi:

Fokine/Balanchine/Bournonville  
Paulli/Gade m. fl.

Paulli/Gade/Bech m. fl.

Dekor: Kae Tang (Sylfidene),  
John Olsson (Napoli)

Kostymer: Thor Sutowski  
(Apollon Musagète, etter orig.)

Musikalsk ledelse:  
Zdenka Peharda

Ballettaften:

### «GISELLE»

Koreografi etter Coralli  
Musikk: Adolphe Adam  
Dekorasjoner: Gunnar Alme

Kostymer:  
Ivar Ferdinand Karlsen  
Musikalsk ledelse:  
Zdenko Peharda

### «POPPEAS KRONING»

Opera av Claudio Monteverdi  
Regi: Joan Cross  
Dirigent: Raymond Leppard  
Dekor og kostymer:  
William Chapell

Ballettaften:

Sylfidene - Le Corsaire (Pas  
de Deux, Bachinas Brasileiras  
Napoli (3. akt)

Koreografi: Fokine, Petipa,  
Sanders, Bournonville  
Musikk: Chopin, Drigo, Lobos  
Paulli/Gade m. fl.

Dekor og kostymer:  
Kae Tang, Thor Sutowski,  
John Olsson  
Musikalsk ledelse:  
Zdenko Peharda

## Alltjenst Rengjøringsbyrå

TELEFON 41 20 31

UTFØRER ALT I VASK OG VINDUSPUSS

*Rydding av loft og kjeller — Faste oppdrag mottas*

# GRILLSTOVA



**Bonde-  
ungdomslaget  
i Oslo**

Ekstra god mat til rimelege prisar.  
Internasjonalt kjøken og norske  
spesialitetar. — Alkoholfrie vinar.

*Midt i sentrum: Rosenkrantzgt. 8, 1. høgda,  
100 m opp frå Karl Johan.*

**Ope kvardagar kl. 9—23**

## Norges Kjøtt- og Fleskesentral

OPPRETTET 1931

Landsomfattende produsent-organisasjon for omsetning av slakt,  
livdyr, ull, huder og skinn

*12 tilsluttede slakteri-organisasjoner med 120000 medlemmer*

